

# Arrangørmanual for Hjeltefjordtrimmen 2023

Dette dokumentet er meint som ei hjelp til deg som skal vera regatta-ansvarleg under Hjeltefjordtrimmen 2023.

Dersom du har innspel til dette dokumentet kan du ta kontakt med. [Harald Gjøsæter hgjos55@gmail.com](mailto:Harald_Gjøsæter_hgjos55@gmail.com), eventuelt Bjørn-Erik Knudsen [bonne1@live.no](mailto:bonne1@live.no)

## Seinast dagen før regattaen

Sjekk værmelding

Sjekk motor/drivstoff og anna teknisk utstyr på startbåten

Sjekk flagg, bøyer, tau og lodd

Les seglingsvedtekten nøyde

**Regattadagen kl 12:00 Sjekk værmelding å avgjer om det blir regatta.**

## Eventuell avlysning:

Det er bestemt at det ikkje skal arrangerast nokon regatta om det vert meldt over 12 m/s på Yr.no for området Hauglandsosen Fjord for perioden kl 18:00 og 19:00. Avgjerd om dette skal takast kl 12:00 samme dag. Det er arrangør av dagens regatta som sjekker værmelding og tek endeleg avgjerd. Om det er tvil (om ein til dømes ventar ei kraftig endring i vindtilhøva like etter kl 19:00), så kan arrangør prøve å rådføre seg med arrangementsansvarleg i Askøy eller Ran. Om det ikkje oppnås kontakt med desse kan en diskutere avgjerala med ein annet erfaren seglar.

Om ein bestemmer seg for å avlyse må en prøve å få informert seclarane ved å sende sms/mail til følgjande:

91880318 [bonne1@live.no](mailto:bonne1@live.no) for å få annonsert avlysinga på Ran si hjemmeside og facebookside

97094593 [amund@strangehagen.no](mailto:amund@strangehagen.no) for å få annonsert avlysinga på Hjeltefjordtrimmen si hjemmeside

41479177 [hgjos55@gmail.com](mailto:hgjos55@gmail.com) for å få annonsert avlysinga på Askøy Seilforening si heimeside og facebookside

Ein kan ikkje vente at alle sidene kan oppdaterast fortøpande i arbeidstida men det viktig at alle kontaktpunkt får informasjon slik at melding om avlysning blir tilgjengeleg i alle fall nokon av stadene.

## **Folk og utstyr som skal vera med i startbåten**

Minst 3 personar

(Arbeidsdelinga ved start kan til dømes vera 1 båtførar, 2 klokke/lydsignal 3 flaggmeister og ved målgang: 1 båtførar, 2 sekretær 3 utkikk/klokke)  
Kikkert

Minst 3 tunge lodd og 1 lett som daumann

Minst 400 meter iletau klar til bruk i stamp

(i verste fall må ein ha iletau til merke 1 + to startmerker = ca. 400 m)

Minst 3 store blåser- Herav 1 flaggbøye som merke 6.

Flaggline /strips / tape/kniv / båtshake

Flaggstativ

Fløyte/tut/signalhorn/tåkelur til å laga lydsignal med

GPS

UTC-klokke

Kartplottar/ekkolodd (høve til å studera dybder)

Kappseglingsreglementet 2021-2024

Seilingsbestemmelsene for Hjeltefjordtrimmen 2023



Vannfast skriveblokk+penn

Laminerte nr. skilt: 1, 2, 3, 4, 5 og 6 i minst A3-storleik

VHF

Ta gjerne en utskrift av resultatlisten for hjelp under avviklinga.



## Fylgjande 13 flagg skal vera med i startbåten:

Flagg						
Namn på flagg	AP	Signalflagg N Signalflagg A	Signalflagg D	Signalflagg E	Signalflagg F	Signalflagg G
Vert brukt ved	Utsetjing	N over A: Alle seglasar er annulert. Ikkje fleire seglasar i dag.	Klasseflagg tur	Klasseflagg flerskrog, u/sp, m/sp under 0.940	Klasseflagg 0.941-1.015, 1.016 og over	Klasseflagg Nybegynner-klasse
Lydsignal	Opp: 2 lydsignal Ned: 1 lydsignal	Opp: 3 lydsignal				
Flagg						
Namn på flagg	Signalflagg M	Signalflagg P	Signalflagg S (2 stk)	Signalflagg X	Fyrste likhetsteikn	Blått flagg
Vert brukt ved	Erstattar merke	Klarsignal	Akvorting	Individuell tilbakekalling	Generell tilbakekalling	På komitebåt ved målgang
Lydsignal		Opp: 1 lydsignal Ned: 1 lydsignal	Opp: 2 lydsignal	Opp: 1 lydsignal	Opp: 2 lydsignal Ned: 1 lydsignal	

Sjå øg forsatsen i kappseglingsreglementet!

## Utpå kl. 1800-1820

- Ver i startområdet seinast klokka 1800, sjekk at merke 1 er på plass. Ha VHF på på kanal 16.
- Vurder og avgjer kva løpsalternativ som skal seglast, evt. be om innspel frå andre.
- **Løp 5 skal berre brukast om vinden er svært svak**
- Legg startmerka (helst med daumann, slik at det ikkje flyt iletau rundt startmerka) 90° på vinden. Legg først flaggbøyen (som også er merke 6), sjå kartet til høgre, gjerne nær Bukkholmsflua. Legg deretter det andre merket NE til S for flaggbøyen, i samsvar med kartskissa, noko til lo for der du vil ha det (40-50 meter), og la vind og straum virka før du eventuelt justerer mot le. For å oppnå god spredning på startlinja bør linja ha 10° fordel for babord bøye (= 15-30 meter). Lengda på startlinja bør vera 150-250 meter. (Sjå større utgåve av dybdekartet i vedlegg 1.)
- Noter namn og seglnr. på båtar etter kvart som dei kjem til startområdet.



## Kl. 1820

- Vis løpsnummer og ha dette synleg til startprosedyrane for alle klassar er gjennomført.
- Sjekk startlinja, dersom linja er veldig skeiv kan du evt. leggja eit nytt merke og setja på ei kanne eller ein fender på det fyrste startmerket.
- Posisjonera båten ved styrbord bøye, sjå skissa til høgre
- Gjer klart flagg, lydutstyr, GPS-klokke til startprosedyren

## Startprosedyren

1825: Varselsignal 1. start

1826: Klarsignal 1. start

1829: Eitt-minuttsignal 1. start

1830: Startsignal 1. start,, varselsignal 2. start

(evt. signalisering for individuell / generell tilbakekalling)

1831: Klarsignal 2. start

1834: Eitt-minuttsignal 2. start

1835: Startsignal 2. start, Varselsignal 3. start

(evt. signalisering for individuell / generell tilbakekalling)

1836: Klarsignal 3. start

1839: Eitt-minuttsignal 3. start

1840: Startsignal 3.start , varselsignal 4. start

(evt. signalisering for individuell / generell tilbakekalling)

1841: Klarsignal 4 start

1844: Eitt-minuttsignal 4. start

1845: Startsignal 4. start

Hugs at du uansett grunn, kan utsetje starten, så lenge ikkje startsignalet har gått. Dette kan vera nyttig til dømes om det vert noko feil med startprosedyren. AP går opp med to lyd-signal, og ned



att med eit lydsignal, og då skal det vera eit minutt til ny startprosedyre startar.

Individuell tilbakekalling		Opp: 1 lydsignal Skal henga i inntil 4 minutt, dersom ikkje tjuvstartande båtar går attende.	
Generell tilbakekalling		Opp: 2 lydsignal Ned: 1 lydsignal. Ny prosedyre 1 minutt etter.	(Dersom det er generell tilbakekalling i ein start, forskyv du prosedyren for dei påfølgjande startane)

Etter at siste starten er gått, dra opp ilen på begrensningsmerket, slik at berre flaggbøyen (merke 6) ligg att i startområdet.

## Under løpet

Tel kor mange båtar som seglar. Løpande vurder evt. avkorting. I forkant av at fyrste båt i klassen rundar, bør det vurderast om siste båt i klassen klarar å runda dette merket før klokka 21.00, då maksimaltida går ut. Ha i mente at vinden ofte minkar etter klokka 20.00.

Fotografer båtane, gjerne ved merkerundingar.

## Ved avkorting

Planlegg avkorting i god tid!

Plasser båten på den sida av merket som båtane ville ha segla dersom det ikkje vart avkorting, jamfør vedlegg 4 i seglingsvedtekten.

Gje signal for avkorting = signalflagg S med to lydsignal (eventuelt saman med klasseflagg for dei klassane som skal avkortast om ikkje alle skal avkortast).

For nybegynnerklasse kan det vera aktuelt å **avkorta ved eit anna merke** enn dei øvrige klassane. Prøv eventuelt å få ein båt som har gått i mål med å hjelpe deg med dette (gi dei flagg G og S og be dem gå til ett passende merke og ta i mål rekruttklassen).

Noter målgangstider.

## Ved målgang

Posisjoner båten som ved avkorting, slik at mållinja er ca. 90 gr. på kurs frå siste merke. Båten fører blått flagg.

Ha skrivesaker klar. (Dersom ein skriv opp rekkefølgjen som båtane kjem i på nest siste merke, så er mesteparten av sekretærjobben alt gjort.)

Noter seglnummer (+ eventuelt båtnamn) og klokkeslett på sekundet for målgang, til dømes 20.14.34. Sikt frå flaggstanga med det blå flagget til merke 6. Hugs at det er når skroget på boten bryt mållina at båten er i mål.

Noter evt. protestflagg, båtar som har brutt, vind og hendingar.

Har du teke bilete under arrangementet kan disse sendes til [hgjos55@gmail.com](mailto:hgjos55@gmail.com) slik at dei kan leggjast ut på regattasida til Hjeltefjordtrimmen

## Etter siste målgang

Dra opp ilen på merke 6.

Ring/send resultata til resultatansvarleg Amund Nordland [amund@strangehagen.no](mailto:amund@strangehagen.no) Mobil 97094593

- gjerne som foto av målgangsnotata, om desse er tydelege.

Køy til lands og fortøy startbåt.

## På land

Loss/rydd utstyr. Våte flagg må setjast til tørk! Dersom eitkvart manglar/må utbetraast til neste gong, ring eller send epost om kva som må gjerast til nøkkelpersonell.

Helsing

Regattakomiteen  
Ran Seilforening


Regattakomiteen  
Askøy Seilforening

**2 vedlegg**


1: Dybdekart over startområdet

2: Prinsipp for avkorting ved runding av Gullskjær (merke 5), Rotøyane (merke 3 og 7) og Skorpa (merke 4)

## Vedlegg 1




## Vedlegg 2



### Ved runding Gullskjær om babord


Målåtligg 200-300 m SØ for Gullskjær.

Mållinja skal passerast i retning frå forrige merke.



### Ved runding Rotøyane om babord (merke 7)

Målåt ligg 200-300 m NV for Nordre Rotøy med neset på Nordre Rotøy overett med neset på Midtre Rotøy.  
Mållinja skal passerast i retning frå forrige merke.



### Ved runding Rotøyane om styrbord (merke 3)

Målåtligg 200-300m SV for Søndre Rotøy med neset på Søndre Rotøy overett med neset på Østre Rotøy.  
Mållinja skal passerast i retning frå forrige merke.



### Ved runding Skorpo

Mållinje mellom sydspissen av holme NØ for Skorpo og Hauglandsosen lykt  
 Mållinja skal passerast i retning fra forrige merke, mellan Skorpo og komitebåt.